

## Protokoll

### Regionrådet Nordhordland – måndag 21. september

**Møte:** 4-2020  
**Tid:** Mandag 21. september kl. 13:30 - 18:00  
**Stad:** Alver hotel

**Til stades:**

**Ordførar:** Karstein Totland (Masfjorden), Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Kjetil Eikefet (Modalen)

**Rådmenn:** Bjørnar Fjellhaug (Austrheim, for Liv Løvik), Gjermund Hagesæter (Fedje), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen)

**NUI:** Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Håkon Matre (styreleiar)

**Andre:** Sak 32/20: Vidar Totland og Tone Hartvedt frå Invest in Bergen  
Sak 41/20: Baste Tveito, Nordhordland Næringslag og Hogne Haugsdal, Alver kommune

**Forfall:** Ørjan Raknes Forthun (Alver), Liv Løvik (Austrheim), Reidun Halland (Gulen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)

Sak 30/20	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 31/20	<b>Godkjenning protokoll møte 3-2020</b> Møteprotokoll frå møte 3-2020 vart godkjent utan merknadar.
Sak 32/20	<p><b>Invest in Bergen (vedlegg)</b></p> <p>Vidar Totland og Tone Hartvedt orienterte om arbeidet i Invest in Bergen og om programmet som er finansiert av Vestland fylkeskommune og 17 kommunar inkl. Nordhordlandsregionen. Finansiering er kr 4 pr. innbyggjar frå kommunane og det same frå fylkeskommunen. Årleg budsjett er ca. 3,5 mill. kr.</p> <p>Invest in Bergen har ei hovudoppgåve, det er å få fleire nasjonale og internasjonale bedrifter og investeringar til Bergensregionen inkl. Nordhordlandsregionen. Håpet er å skapa fleire nye arbeidsplassar og få til auka verdiskaping. Invest in Bergen jobbar derfor mykje med å hjelpa bedrifter inn i regionen og med t.d. etableringsfasen. Det vert og jobba med marknadsføring, å få etablert større ferdigregulerte areal, og å leggja til rette for datasenteretableringar som er eit nasjonalt fokus.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Nordhordland er viktig for Bergensregionen. Her kan det t.d. vera aktuelt med datasenteretablering i Matre og i Modalen.</li> <li>▪ Det er ny giv i det store næringsarealet Mongstad Industrial Park</li> <li>▪ Det er areal som kompletterer regionen sine tilbod både på Espevoll på Osterøy og i Nordhordland Næringspark i Alver</li> <li>▪ Det er store moglegheiter for å få ny bærekraftig industri til regionen</li> </ul> <p>Totland og Hartvedt kom deretter inn på kraftsituasjonen i Nordhordland og kva Invest in Bergen bidrar med i den samanheng (sjå vedlegg).</p>

	<p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande. Regionrådet meiner at det arbeidet Invest in Bergen gjer er svært viktig for kommunane og regionen, og ber om at kommunane er positiv til ny samarbeidsavtale for perioden 2021-2024.</p>
Sak 33/20	<p><b>Interkommunal plan for sjøareal Region Nordhordland</b> Bent Gunnar Næss orienterte om status for arbeidet med Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Næss understreka viktigheita av at den enkelte kommune forankrar prosess og arbeid fortløpande både administrativt og politisk, etter kvart som arbeidet med planen skrider fram. Næss bad kommunane så fort som mogeleg om å oppnemna representant til det interkommunale planutvalet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande. Regionrådet er fornøygde med at arbeidet med interkommunal plan for sjøareal er kome i gong, og at det er gjort eit godt arbeid med å forankra og leggja til rette for gode prosessar ute i kommunane.</p>
Sak 34/20	<p><b>U-864. Status etter møtet med statssekretær i Samferdselsdepartementet (vedlegg)</b> Per Lerøy, Stian Herøy, Karstein Totland og Rune Heradstveit hadde 17. august eit teamsmøte med statssekretær Ingvild Ofte Arntsen i Samferdselsdepartementet som oppfølging etter tidlegare skriv til departementet om nedsetjing av eit ekspertutval. Målet med møtet var å sikra at kompetanse frå subsea-miljøa i Norge blir trekt inn i det vidare utgreiingsarbeidet knytt til U-864.</p> <p>I møtet kom det fram at departementet ønskte at Regionrådet reduserte tidlegare liste med kandidatar til ekspertutvalet til tre til fem kandidatar.</p> <p>Etter møtet sendte Regionrådet eit skriv til departementet der det vart lagt fram ei liste med fem kandidatar, og i utveljinga er det lagt særleg vekt på at kandidatane har svært lang operasjonell erfaring frå undervassoperasjonar på norsk kontinentalsokkel. Det er også lagt vekt på at utvalet skal ha komplementær kompetanse.</p> <p>I brevet signaliserer Regionrådet at ein er uroa over tidsplanen som departementet legg opp til, og ber om at departementet set frist til ekspertutvalet om å gjera seg ferdig med arbeidet inkludert forstudien, innan juni 2021. Då kan eit anbod med oppreinsking av kvikksølv, sendast ut i marknaden så tidleg at det kan gjennomførast i sommarsesongen 2022.</p> <p>Regionrådet purra departementet om status og framdrift sist veke. I dag 21. september kom dette svaret frå departementet: «Vi viser til hyggelig og konstruktiv møte i august og til deres henvendelser i etterkant, der dere blant annet har foreslått kandidater til ekspertutvalget som skal komme med en anbefaling om den videre håndteringen av U-864. I etterkant av dette møtet har departementet arbeidet med å identifisere kandidater med ulike kompetanse og bakgrunn til utvalget. I dette arbeidet har vi vurdert innspill til kandidater fra flere aktører, inkludert de kandidatene dere foreslo. Vi håper å kunne offentliggjøre den endelige sammensetningen av utvalget om kort tid. Som kjent vil utvalget få frist til 1. november 2021 med å legge fram sin anbefaling.»</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>

Sak 35/20	<p><b>Revidering av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b>  Notat «Utgreiing revidert selskapsavtale NUI» og arbeidsutkast «Revidert selskapsavtale NUI» var sendt ut saman med sakslista.</p> <p>I sak 29/20 i Regionrådet vart det gjort følgjande vedtak:  <i>«Regionrådet set ned ei arbeidsgruppe som ser på revisjon av selskapsavtalen, finansiering (grunnkontingenten) og namn. Arbeidsgruppa består av Sara Sekkingstad, Stian Herøy, Lars Fjeldstad, Håkon Matre og Rune Heradstveit. Arbeidsgruppa kjem tilbake med forslag til Regionrådet.»</i></p> <p>Arbeidsgruppa støttar forslaget om at Nordhordland Utviklingsselskap IKS endrar namn til Region Nordhordland IKS. Arbeidsgruppa har drøfta fordelingsnøkkelen, men har ikkje blitt samde om ein ny fordelingsnøkkel.</p> <p>I notatet til møtet i dag «Utgreiing revidert selskapsavtale NUI» er det drøfta og vist verknad av nye fordelingsnøklar. I tillegg har Vaksdal kommune vist stor interesse for å bli med i Regionrådet som fullverdig medlem. Kommunen er med i IKT Nordhordland og på satsinga på drift og digitalisering og innovasjon som ligg i NUI. Kommunen har derfor sendt signal om at dei i oktober legg fram ei politisk sak om å søkja opptak i Regionrådet Nordhordland.</p> <p>Dette skjedde i møtet:  Regionrådet ser det som positivt at Vaksdal kommune ønskjer å bli medlem i Regionrådet.</p> <p>Regionrådet er eintydig positiv til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS endrar namn til Region Nordhordland IKS. Dette vil gje eit tydelegare namn med tanke på selskapet sitt føremål og arbeidsoppgåvene som vert jobba med. Samtidig vil namnet passa til den logoen selskapet har hatt sidan 2012.</p> <p>Når det gjeld fordelingsnøkkel på kontingent, så er det stor semje om at dagens fordelingsnøkkel som berre baserer seg på innbyggartal ikkje kan fortsetja. Det har blitt endå tydelegare etter at det ble færre kommunar. Det var også semje om at den andelen som skal fordelast som eit fast beløp mellom kommunane må vera ein plass mellom 20 og 30 %. Med dagens 4,2 mill. kr å fordela så vert det faste beløpet mellom kr. 120 000 - 180 000. Dersom Vaksdal vert med i Regionrådet, vert beløpet mellom kr. 105 000 - 158 000.</p> <p>Regionrådet kom fram til at den faste delen i utgangspunkt bør vera 30 % og innbyggjardelen 70%, men at ein bør finna ei tilpassing som gir Fedje og Modalen ein mindre vekst enn det ein får ved å bruka 30 %.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Regionrådet ser det som positivt at Vaksdal kommune ønskjer å bli medlem i Regionrådet Nordhordland.</li> <li>▪ Regionrådet ønskjer at Nordhordland Utviklingsselskap IKS endrar namn til Region Nordhordland IKS.</li> <li>▪ Regionrådet ønskjer ein fordelingsnøkkel der 30 % vert fordelt som ein lik sum på kommunane og resten 70 % vert fordelt etter folketal. Regionrådet ber imidlertid NUI finna ein modell som gjer at småkommunane Fedje og Modalen berre får ca. halvparten auke i forhold til kva dei får ved 30 % fast. Regionrådet ber NUI leggja saka fram for formell handsaming i Representantskapet.</li> </ul>
Sak 36/20	<p><b>Revidering av selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS</b>  Notat «Utgreiing revidert selskapsavtale RNHI» og arbeidsutkast « Revidert selskapsavtale RNHI» var sendt ut saman med sakslista.</p> <p>Lindås, Meland og Radøy slo seg saman til Alver kommune frå og med 01.01.2020 slik at det no er sju kommunar som er eigarar av Region Nordhordland Helsehus IKS. Dette gir krav om</p>

	<p>endring av selskapsavtalen som omtalt i notatet. Administrasjonen foreslår at ein føl dei same prinsippa som i dag med at 20 % vert fordelt likt på kommunane og 80 % ut i frå folketalet.</p> <p>Dei endringane som var foreslått i notatet vart støtta i Regionrådet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet slutta seg til at eigardelen i selskapet føl dei same prinsippa som i dag med at 20 % vert fordelt likt på kommunane og 80 % ut i frå folketalet. RNHI legg saka fram for formell handsaming i Representantskapet.</p>
Sak 37/20	<p><b>Status prosjekt Nordhordlandspakken AS</b> (vedlegg) Prosjektleiari for Nordhordlandspakken Andreas Knarvik Kolås, Vestland fylkeskommune informerte om status i Nordhordlandspakken (vedlegg).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Prosjektet 1, Marås – Soltveit: Tre entreprenørar er prekvalifisert. Forhandlingar pågår, tildeling er venta før nyttår. Det ligg an til at ein kan få bygd hovuddel og 5,5 km + opsjon 2 km innanfor budsjett. Ferdigstilling av anlegget er planlagt til 30. april 2024.</li> <li>▪ Prosjekt 3/12, Fv 245 Fosse – Moldekleiv / Fv. 564 Fossekrysset: På grunn av mindre justeringar måtte planen sendast på ny avgrensa høyring. Deretter politisk handsaming.</li> <li>▪ Prosjekt 4a, Fv. 564 Fløksand - Vikebø: Mål om godkjent reguleringsplan vår 2021 Prosjekt 4b, Fv. 564 Undergang Holme: Er ferdig, vart overlevert i februar 2020. Er blitt ei veldig bra løysing.</li> <li>▪ Prosjekt 5, Fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av Fv. 244: Reguleringsplan vart godkjent av Alver kommunestyre 17.09.20. Det er dialog med Alver med tanke på å få med full utbetring av Fv. 244 til Sagstad skule.</li> <li>▪ Prosjekt nr. 7A – Kollektivtiltak E39 (Flatøy): Reguleringsplan er godkjent. Er eit riksvegprosjekt der Statens vegvesen er byggherre. Ikkje avklart når anlegget har oppstart.</li> <li>▪ Prosjekt nr. 7B – Kollektivtiltak Fv. 57: Ny terminal i Knarvik vart sett i drift 14. oktober 2019. Etablert midlertidig rundkøyring på E39. Vellukka løysing med gode tilbakemeldingar frå brukarar. Finansiert av Lindås kommune (Alver) og Nordhordlandspakken AS.</li> <li>▪ Prosjekt 8, Fv. 565 vegutbetring /TS Austrheim. Det føregår no arbeid med bygging av kompositt bru. Montering av brua vert rett over nyttår.</li> <li>▪ Prosjekt 9, Fv. 570 Rammetiltak Masfjorden: Er i gong med 9 av 9 tiltak. Godt samarbeid med Masfjorden kommune om at overskotsmasse vert brukt til TS- tiltak på Fv. 570. Ferdigstilling 31.10.20. Svært vellukka prosjekt der ein har fått mykje igjen for pengane.</li> <li>▪ Prosjekt 10, Fv. 5510 Rammetiltak Fedje: Utbetring av møteplasser og utviding av veg. Alle tiltak er ferdig.</li> <li>▪ Prosjekt 11, Fv. 5 Rammetiltak Modalen: Utbetring av totalt 9 punkt. Ferdigstilling 30.09.20. Mykje igjen for pengane.</li> <li>▪ Prosjekt nr. 15 E39 Omlegging av Molvikkrysset og Prosjekt nr. 17 39 Vikane-Eikangervågen: Arbeid med reguleringsplan pågår.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>

Sak 38/20	<p><b>Nordhordlandspakken - fagleg utgreiing 3-timars regel og utsending av faktura frå Ferde</b></p> <p>Rune Heradstveit orienterte om nærare om fagleg utgreiing om 3-timars regel i Nordhordlandspakken som Vestland fylkeskommune har gjort på oppdrag frå Regionrådet etter initiativ frå Alver kommune.</p> <p>Rune Heradstveit informerte også om svar ein har fått frå Ferde om kvifor dei ikkje kan senda ut månadleg faktura frå Nordhordlandspakken.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet tok fagleg utgreiinga om 3-timars regel til vitande og bad NUI senda den ut til kommunane.</p> <p>Regionrådet tok svar frå Ferde om utsending av faktura til vitande og bad NUI senda det ut til kommunane.</p>
Sak 39/20	<p><b>Status Region Nordhordland Helsehus IKS</b></p> <p>Rune Heradstveit informerte om status for Region Nordhordland Helsehus. Bygget er i rute til overleveringsdato 10. januar. Etasjane 2-6 er i stor grad ferdig, medan det føregår mykje arbeid i 1. etasje. Arbeidet med allmenningen vil bli forseinka, men ein reknar med at den skal vera ferdig til innflyttingstidspunktet 1. mars.</p> <p>Administrasjonen jobbar no bl.a. med fire anbod, møblar, AV-utstyr, reinhald og kantine / kafeteria. Møbelanbodet og AV-anbodet nærmar seg tildeling, medan reinhald og kantine vert lagt ut i næraste framtid.</p> <p>Økonomisk er det god kontroll på prosjektet, og ein ligg an til å byggja langt under ramma gitt av kommunane.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 40/20	<p><b>Diverse info Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Orientering om status for arbeidsledigheit og utsikt for folketal / demografi i regionen.</li> <li>▪ Nordhordland Unesco biosfæreområde. Høyringa etter arbeidet med strategiplanen er ute, og administrasjonen har jobba med å ta merknadar inn i dokumentet. Styringsgruppa handsama dette sist veke, og vil no kalla inn til utvida Regionråd for endeleg godkjenning.</li> <li>▪ Vassregion Nordhordland. NUI har hatt ute anbod vedr. kartlegging av androme vassdrag / kartlegging av sjøaure i vassdrag i vassregion Nordhordland. Ramma er sett til kr. 500 000.</li> </ul>
Sak 41/20	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p><b>Covid-19 og avviking av Yrkes- og utdanningsmessa 2020</b></p> <p>Grunna situasjonen med Covid-19 vert Yrkes- og utdanningsmessa for Nordhordland som skulle vore arrangert i Nordhordlandshallen i veke 48, avlyst. Det same gjeld andre utdanningsmesser i fylket, inkludert messa på Osterøy.</p> <p>Komiteen for messa i Nordhordland vil i samarbeid med dei vidaregåande skulane i regionen prøva å laga eit alternativt opplegg for årets 10.trinn. Dette for å ivareta noko av informasjonen som fell vekk ved at messa blir avlyst. Den årlege utdanningsavisa som Strilen gjev ut kjem som vanleg 17. november.</p> <p><b>Fylkesrådmannen sitt framlegg (saldering) til fylkesbudsjett 2021 og konsekvensar for TAF</b></p> <p>Baste Tveito, Nordhordland Næringslag gjorde greie for fylkesrådmannen sitt framlegg (saldering) til fylkesbudsjett 2021 og konsekvensar for TAF. I fyrste omgang er dette kanskje avverja, men ein kan ikkje slappa av.</p> <p>Det vert planlagt med å ta initiativ til ein TAF-konferanse neste år der politikarar og andre nøkkelpersonar vil vera målgruppe.</p>

Regionrådet sender i fyrste omgang ein kort uttale til administrasjonen og sentrale politikarar i Vestland fylkeskommune. Regionrådet vurderer saman med Nordhordland Næringslag om ein i tillegg skal senda eit formelt skriv.

**Vedtak:**

Regionrådet Nordhordland har merka seg framlegget til fylkesrådmannen der TAF/YSK-ordninga blir foreslått nedlagt. Regionrådet vil trekkja fram dei gode erfaringane og den store verdien næringslivet, kommunane og skulane i regionen har med denne ordninga. Ordninga har vore ein stor suksess og burde heller vore ein modell som heile landet tok i bruk, og ikkje at ein vurderte å leggja ned ordninga i Vestland. Regionrådet vil på det sterkaste rå frå at det blir gjort reduksjonar i dette tilbodet.

**Vestland fylkeskommune og utarbeiding av scenarioanalysar for næringslivet i fylket**

Baste Tveito og Hogne Haugsdal informerte om utarbeiding av scenarioanalysar for næringslivet i fylket som Vestland fylkeskommune har bestilt. Fylkeskommunen har opna for at kommunar og regionar i fylket kan henga seg på. Nordhordland Næringslag og Alver kommune har allereie gått saman og bestilt ein analyse, men er open for at andre kommunar kan vera med, det er berre å ta kontakt. Både Nordhordland Næringslag og Alver kommune har sett av midlar til utgreiinga.

**Vedtak:**

Regionrådet tok orienteringa til vitande, og ber den enkelte kommune ta kontakt dersom ein ynskjer å vera med på scenarioanalysen.

**Helse Bergen og avtale for transport av pasientar med rekvisisjon**

Saka vart diskutert. Det er det regionale helseføretaket som har ansvaret. Ordførarane vil fylgja opp saka.

**Status Naturmangfaldsplan i kommunane**

Saka vart kort drøfta.

**Skal Regionrådet uttala seg om vindkraft på generelt grunnlag, eller venta på spesifikk sak?**

Saka har utvikla seg sidan vår/sommar og Regionrådet ser det ikkje som aktuelt at styresmaktene vil tvinge gjennom vindparkar i regionen. Kommunane som er berørt er på saka.

**Felles utviklingsplan mellom kommunar og sjukehus - utpeiking av representant til arbeidsgruppe**

Det skal utarbeidast ein felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen HF sitt føretaksområde. Målet er at planen skal leverast til endeleg handsaming i samarbeidsutvala i desember 2020, og signerast på «Toppleiarmøtet i 2021».

Utviklingsplanen skal peika ut ønskja utvikling/retning for samarbeid/samhandling og kva strategiar og tiltak som er nødvendig for å møta utfordringar og behov i framtida. Planen skal mellom anna utgreia og føreslå tiltak knytt til områda overordna strategisk grunnlag, struktur og organisering, kompetanse, heilskaplege tenester, samhandlingsleining og -kultur og brukarmedverknad.

Det vert lagt opp til å etablera tre arbeidsgrupper der arbeidsgruppe 1 skal utgreia «Organisering av, og rolle og funksjon til, toppleiarmøtet». I departementet / KS sin modell vert dette kalla partnerskapsmøte.

	<p>Det er ønske om følgjande representasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ 2 representantar frå Helse Bergen HF</li><li>▪ 2 representantar frå private/ideelle institusjonar derav minst 1 frå Haraldsplass DS</li><li>▪ 1 representant frå kommunane i kvar av SU/SR'ane</li><li>▪ 2 representantar frå brukarane, ein frå spesialisthelsenivå og ein frå kommunane</li></ul> <p>Det er kome ynskje om at det er ein ordførar som vert representant frå SU Nordhordland.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet oppnemnte ordførar Lars Fjeldstad til å delta i arbeidsgruppe 1 som skal utgreia «Organisering av, og rolle og funksjon til, toppleiar møtet».</p>
--	--

Knarvik, 26. oktober 2020



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 32/20 Presentasjon Invest in Bergen  
Sak 34/20 Svar / skriv frå Samferdsledepartementet datert 21.09.20 «Oppsummering etter møte med statssekretær Ingvild Ofte Arntsen vedr. U-864 17. august 2020»  
Sak 38/30 Presentasjon – status Nordhordlandspakken